



Notat

Dato

LEIKANGER, 10.08.2015

Til: Fylkesutvalet, møte 17. august 2015

Frå: Fylkesrådmannen

Regionreforma

Vedlagt dette notatet følgjer KMD sitt brev av 2.07.15 om regionreforma og ein del anna stoff som er relevant i høve same sak. Fylkesrådmannen innstiller ikkje opp til at det vert gjort noko vedtak i saka no, men finn det naturleg at FU drøfter korleis fylkeskommunen skal gripe an saka.

På dette saksområde bør ein drøfte både kva ein ser føre seg av politiske prosessar og kva det er aktuelt å gjere av politiske vedtak. Eg trur det vil vere ein stor styrke om ein på politiske side greier å arbeide for ei – 1 – løysing i denne saka.

Invitasjonsbrev

KMD sende 2.07.15 brevet «Invitasjon til å delta i reformprosessen» til alle fylkeskommunane. Fylkesrådmannen sende 3.07.15 nemnde brev, saman med ei pressemelding frå KMD, til heile fylkestinget. I oversendinga til fylkestinget skreiv vi følgjande:

«KMD sende i går ut sin formelle invitasjon til alle fylkeskommunar om å delta i kommune- og regionreformprosessen. Med bakgrunn i Stortinget si handsaming av St.meld. 14 (2014-15) vert fylkeskommunane og Oslo kommune gjennom brevet inviterte til å innleie prosessar med sikte på å vurdere og avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabofylke. Fylkesrådmannen legg opp til at denne invitasjonen vert drøfta i fylkesutvalet sitt møte 17. august.

Dette notatet er ei oppfølging av ovannemnde.

Nemnde brev følgjer her som notatvedlegg 1.

FU sin uttale som del av kommunereforma

FU kan ha nytte av å sjå over FU-sak 134/14 «Regionreforma som del av kommunereforma». Jf. særleg vurderingsdelen i saksframstillinga, og då særleg punkt 1. Fylket vårt og punkt 2. Alternative modellar. I sistnemnde punkt drøfter fylkesrådmannen følgjande modellar:

- Eigen region lik dagens fylkeskommune (0-alternativet).
- Ein folkevald kommuneorganisasjon i dagens Sogn og Fjordane («Oslo-modell»).
- Sogn og Fjordane slått saman med Hordaland.
- Sogn og Fjordane slått saman med rest-Hordaland viss Bergen m/omland blir skilt ut.
- Sogn og Fjordane slått saman med Hordaland og Rogaland.
- Sogn og Fjordane slått saman med Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal.
- Sogn og Fjordane går «i oppløysing».



Nemnde saksførelegg følgjer som notatvedlegg 2.

FU-vedtak 2/15; Region-/kommunereforma, oppfølging av FU-vedtak 134/14

I sak 2/15 gjorde FU vedtak om å oppnemne ei faggruppe som m.a. skal sjå oppgåvesida i region- og kommunereforma. Gruppa er no i arbeid og vedlagt følgjer eit høgst førebels delutkast der ein har stilt saman noko av det Stortinget nyleg har vedteke og det fylkesordførarkollegiet tidlegare har samla seg om. I den grad ein vil kople regionaliseringsprosessen til kva oppgåver dei nye regionane kan forvente seg, kan det vere nyttig å sjå over denne oversikten.

Nemnde delutkast følgjer som notatvedlegg 3.

FU sin uttale i høve føreståande regionreform

Fylkesutvalet vedtok i sak 1/15 ein «Uttale i høve føreståande regionreform.

Fylkesrådmannen sitt tilhøyrande saksførelegg og FU sitt vedtak følgjer som notatvedlegg 4 og 5.

Presentasjon ved fylkesrådmennene sitt sommarmøte ultimo juni 2015

Under fylkesrådmannen sitt sommarmøte 25.06.15 heldt ein av fylkesrådmennene ein presentasjon som så vart drøfta i plenum. Også denne kan det vere nyttig å sjå over.

Presentasjonen følgjer vedlagt – jf. notatvedlegg 6.